



Det nye treningstilbudet som kallast allidrett fekk ein svært god start i Aktivitetshuset onsdag kveld. Det møtte 21 mellom 10 og 15 år (mellom 5. og 10. klasse) og dei var svært engasjerte og ivrige frå første stund. I tillegg til drøfting av organisering vart det ei skikkeleg økt med innebandy.

Cathrine og Steinar Myklebust har all grunn til å vera fornøgde med starten sjølv om dei var litt spente på førehånd med omsyn til deltakinga.

Dette blir eit tilbod på tvers av alle gruppene og med eit breitt spekter av idrettar. Ungdommane skal sjølve vera med og bestemma innhaldet i timane og det blir truleg også til dømes køyring i Fjellhaugen.

I utgangspunktet er det allidrett på onsdagar mellom klokka 19 og 20.

(Foto: Ola Matti Mathisen)



